



Johannes Haugland og Tord Sæle har vore klassekameratar. No har dei sommarjobb ilag.

Johannes Haugland og Tord Sæle er begge 20 år og har vore klassekameratar til og med Kvinnherad Vidaregåande skule. Rett nok gjekk dei i ulike klassar på ungdomsskulen, men bort sett frå det, har Johannes og Tord vore i same båt. No er dit saman om den same sommarjobben på Kvinnherad Vekstbedrift og på Byggeriet.

Johannes Haugland er ferdig med fyrste året på Høgskulen i Bergen, på lina for byggingeniør. Det er eit tre årig studie som kvalifiserer til vidare studie innan masterutdanning. Tord har jobba eit år etter ferdig vidaregåande skule. Han vil forbetra karakterane og gjer det som privatist. Så kan det bli meir utdanning.

Men i sommar møter vi Johannes og Tord på Byggeriet i Beinavikjo. Ein dag i veka har dei transporten for Retrobutikken på Husnes. I byggevarebransjen har dei begge ei bratt læringskurve. På kort tid skal dei vita det meste om eit fullsortement innan trelast og byggevarer. Gutane skal meistra alt frå varemottak, setja på plass i reolane, finna og laga til varer på bestilling og få byggevarene køyrt ut til kundane på rett adresse.



Læringskurven er bratt. Dei skal kunna alt innan eit fullsortement av trelast og byggevarer.

Det meste handlar om god kundebehandling. Rydd og orden er viktig. Så langt ser det bra ut i sommarjobben for Johannes og Tord. Det er godt å vera to og utfylla kvarande slik at ein tilsaman er ein god duo. Tord har trøkkførarbevis. Det har ikkje Johannes. Men Johannes har derimot lastebillappen. Saman er dei sterke.

Frå fyrstkmande laurdag styrer Tord og Johannes trelastlageret i Beinavikjo åleine. Det vert truleg nokre telefonar til læremeisteren, Finn Guddal.

Tekst/fot/nett: Kristian Bringedal.